



Notat

Dato: 18.04.2018
Arkivsak: 2017/465-26
Saksbehandlar: jannor

Til: Jostein Aksdal, Øystein Monsen

Frå: Jan Nordø

Innspel til rapport om flaumlake i Sandvinvatnet og tilleggsutgreiingar frå SKL

NVE har send rapport frå Multiconsult om flaumlake i Sandvinvatnet på høyring saman med tilleggsutgreiingar frå SKL til søknaden om Opo flaumkraftverk.

Høyringsbrevet frå NVE er førebels ikkje lagt inn i ePhorte, men er å finna på NVE sine heimesider saman med rapporten og tilleggsutgreiinga.

Den offisielle høyringsfristen er 10. mai, men etter å ha vore på telefonen med NVE har Hordaland fylkeskommune fått utsett frist til byrjinga av juni. Dette for så sikra forsvarleg politisk behandling av ei omstridd sak.

KIRU har møte 24. mai og FUV 31. mai. P.g.a. alle heilagdagane må eg ha evt. innspel frå kulturavdelinga i hende innan fredag 4. mai.